

Utkast til Forskrift om endring av forskrift om motorferdsel i utmark og på vassdrag, Eidfjord kommune, Hordaland

Heimel: Fastsatt av Eidfjord kommunestyre dd.mm.åååå. Med heimel i lov 10. juni 1977 nr. 82 om motorferdsel i utmark og vassdrag §4 og § 5.

I forskrift 26. september 2011 nr. 1028 for motorferdsel i utmark og på vassdrag, Eidfjord kommune, Hordaland gjerast fylgjande endringar:

§ 2 skal lyde:

Ferdsle med motorfartøy er berre tillate i samband med lovleg fiske og/eller storviltjakt, tilsyn av beitedyr, transport av personar og utstyr i samband med drift av turisthytter på følgjande vatn og vassdrag i Eidfjord kommune. Ved andre formål eller andre vatn enn nemnt under må det søkast om løyve. For ferdsel på vatn innanfor nasjonalparken er det forskrift 10 april 1981 nr. 4830 om Hardangervidda nasjonalpark som gjeld.*

**grunneigarar i det enkelte vatn fastsett fiskereglar. Motorisert ferdsel med båt kan skje med grunneigars løyve etter deira fiskereglar.*

Gjeld fylgjande vatn:

Halnefjorden, Sysenvatnet, Skaupsjøen, Drageidfjorden, Langavatnet, Eidfjordvatnet, Svartavatnet, Olavsbu vatna, Skiftesjøen og Vetle Skiftesjøen